



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:**       **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:**

**Dato:**       27.06.2025

**Tidspunkt:** 12:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold                                                                                                                                                                                   | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|--------------|
| ST 30/25       | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                                                                                                                                    |        |              |
| ST 31/25       | Val av styremedlem til å skrive under protokollen                                                                                                                                         |        |              |
| ST 32/25       | Framlegg - Ny søknad om motorferdsel med helikopter og filming med drone i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde i samband med TV-produksjon - Folgefonna nasjonalparkstyre |        | 2025/9641    |
| ST 33/25       | Referatsaker                                                                                                                                                                              |        |              |
| ST 34/25       | Delegerte saker                                                                                                                                                                           |        |              |

**ST 30/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 31/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2025/9641-3  
Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik  
Dato: 26.06.2025

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 32/25     | 27.06.2025 |

## Framlegg - Ny søknad om motorferdsel med helikopter og filming med drone i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde i samband med TV-produksjon - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gir avslag på søknad om å fly med helikopter for å frakte folk inn i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde i samband med TV-produksjon, med heimel i verneforskriftene og naturmangfaldlova.

### Saksopplysningar

Forvaltar viser til ny søknad sendt til alle i styret 25.06.2025 på epost og saksutgreiing i sak ST 27/25 handsama i møte 24.06.2025. Nye moment i søknaden er oppsummert:

- Tidlegare søknad fekk avslag 24. juni 2025. Den reviderte søknaden inneheld meir utfyllande informasjon og sterkare grunngjeving.
- Det vert opplyst at namngitt person deltek i episoden, noko som gir høg PR-verdi og global merksemd.
- Det er lagt ved ein detaljert flyplan med datoar, landingspunkt og flytid innanfor verneområdet.
- Det vert presisert at opptaka skjer utanfor nasjonalparkgrensa, i landskapsvernområde, for å unngå sårbare område.
- Søknaden argumenterer for at produksjonen er unik og ikkje vil skape presedens. Helikopterbruk vil ikkje visast på TV.
- Eit avslag vil få store økonomiske og praktiske konsekvensar, då teamet og hovudpersonen alt er på plass i Hardanger.
- Søkarane beklagar kort saksbehandlingstid og uttrykkjer vilje til samarbeid med forvaltninga.

---

|                     |                                                      |
|---------------------|------------------------------------------------------|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen                                         |



Oversikt over flyoperasjoner:

|          |                                                                  |                            |                                      |
|----------|------------------------------------------------------------------|----------------------------|--------------------------------------|
| 27. juni | 1 - 3 landinger ved Reinånuten<br>1 - 3 landinger ved Buervatnet | Flytid innenfor vernesonen | 5 - 25 minutter<br>5 - 25 minutter   |
| 28. juni | Ingen planlagte operasjoner<br>(backup for dårlig vær)           | Flytid innenfor vernesonen | 0 minutter                           |
| 29. juni | 3 - 4 landinger ved Reinånuten<br>3 - 4 landinger ved Buervatnet | Flytid innenfor vernesonen | 15 - 30 minutter<br>15 - 30 minutter |
| 30. juni | 4 - 5 landinger ved Reinånuten<br>4 - 5 landinger ved Buervatnet | Flytid innenfor vernesonen | 20 - 35 minutter<br>20 - 35 minutter |
| 1.juli   | 2 - 3 landinger ved Buervatnet                                   | Flytid innenfor vernesonen | 10 - 25 minutter                     |
| 2 .juli  | Ingen planlagte operasjoner                                      | Flytid innenfor vernesonen | 0 minutter                           |

Luftoperasjonene vil begrenses til et absolutt minimum. Vi har justert og endret planene, for å minske den motoriserte ferdselen mest mulig. Flytid kan endres pga uforutsatte hendelser som f.eks værskifte.

## Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* § 3 punkt 5

5. *Motorferdsel*

5.1 Forbod mot  
motorferdsel

*Motorferdsel er forbode på land, i vatn og i lufta under 300 meter.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Det er ikkje opna for å gje løyve til persontransport gjennom verneforskrifta, difor må heimelen vurderast etter naturmangfaldlova § 48. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*



## Vurdering

Søkjar har søkt om løyve til persontransport til Buer landskapsvernområde. Forvaltar møtte to av søkerane 19. mai og svarte munnleg på spørsmål om vernereglane generelt, vernegrensene og dronefying i verneområda. Det er beklageleg at det ikkje er oppfatta av søkerane at det er reglar om motorferdsel i vernereglane som avgrensar opninga for persontransport på dette møtet.

Buer landskapsvernområde er eit godt besøkt verneområde, der det til no har vore lite konflikt med verneverdiane på grunn av god tilrettelegging. Det vart gjennomført ferdsteljing på stien som går opp til Buerstølen /Reinanuten i 2018, då vart det registrert 1970 gjestar i sommarsesongen. Slik utviklinga av besøk har vore i andre delar av verneområda våre forventar vi at dette talet har auka. Det er kjente hekkeplassar av rovfugl i nærleiken og desse er ikkje innanfor den sona det er søkt om å fly i.

Forskrifta opnar ikkje for å gi løyve til persontransport, her følgjer vernereglane føringane i motorferdsellova. Noreg har ingen tradisjon for å frakte folk motorisert ut i naturen. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Motorferdsel vil vere eit framandelement, som berre kan tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. For at tiltaket ikkje skal vera i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett blir det stilt krav om at transporten skal vere naudsynt og ikkje skal påverke verneverdiane i vesentleg grad. Det bør ikkje gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det ikkje er opna for i verneforskrifta. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at motorferdsel skal avgrensast i størst mogleg grad. I lovgevinga knytt til motorferdsel i utmark er det sett eit skilje mellom transport av naudsynt utstyr i samband med hus, hytter og landbruksverksemd, der det er opna for å søke om løyve og persontransport, der det er lite rom for å gje løyve.

Forvaltninga skal vurdere samla belastning som eit tiltak kan ha på naturmiljøet jf. nml § 10. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skade verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føre til utholing av vernet. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vere i strid med verneføremålet, og i tillegg kunne skape ein presedens for liknande søknader i framtida. Nasjonalparkstyret har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt søker sine ynskje når føremålet med transporten ikkje er naudsynt transport. Når det gjeld presedensverknad har vi årleg søknader om tv-produksjonar i våre verneområde, både nasjonale og internasjonale (NRK, TVNorge, Netflix m.m) og vi har ikkje tillate persontransport for å gjennomføre desse produksjonane.

Forvaltar kjenner til eitt tilfelle der Folgefonna nasjonalparkstyret har gitt løyve til persontransport med helikopter i verneområda våre. Det var i sak ST 7/18, då Odda Ullensvang turlag fekk løyve etter § 48 i naturmangfaldlova for å fly rørslehemma born og unge til eit arrangement på Holmaskjer turisthytte. Det var då gitt løyve til inntil 8 turar med landing i nasjonalparken. I vurderinga skriv styret:

*«Søknaden om å arrangere tur for born og unge med funksjonshemmingar kjem frå Odda og Ullensvang turlag. Laget husar lokale eldsjeler for som i fleire tiår har jobba for å auke folkehelsa og gje gode naturopplevingar til lokalbefolkninga. Sjølve*



*grunnlaget for søknaden er eit ønskje om å gjere det mogleg for born og unge med funksjonshemmingar å oppleve turisthytta på Folgefonna og breen som dei elles ikkje vil komme opp til. Dette er eit lokalt forankra tiltak, med ei spesiell forhistorie. Ein kan ikkje vente at det vil komme mange liknande tiltak framover, presedensverknaden vert difor sett som liten og samla belastning vert heller ikkje vurdert som stor. Motorferdsla vil ikkje ha større omfang enn tilsvarande motorferdsel som det er opna for å gje løyve til i verneforskrifta.»*

I søknaden vi handsamar no er det søkt om fleire turar, det er ein internasjonal aktør, og vi har jamleg søknader inne frå liknande aktørar. Noko som fører til at eit løyve vil gi ein uheldig presedensverknad.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 ikkje vurdert i denne saka då forvaltar gjev framlegg om avslag.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. I dette tilfellet vil det vere mogleg å gjennomføre tilsvarande turar utanfor verneområdet eller utan motorferdsel. Dette vil minske miljøpåverknaden i det verna området.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått. Forvaltar held fram på at det kan bli gitt løyve til filming med drone, og forutsetter at løyvet gitt i vedtak ST 27/25 framleis er gjeldande, difor greiast ikkje det nærare ut no.

**ST 33/25 Referatsaker**  
**ST 34/25 Delegerte saker**